

Møtereferat skulebesøk (del 1)

Dato:

Emne:	Skulebesøk Stend vidaregåande skule	
Til stades:	Linda Farestveit, Helene Systad, Gerd Kjersti Ytre-Arne, Reidun M. Moe, Torbjørn Litle, Stig Rismo, Lisbeth Norendal, Marielle Engelsen, Josua Wessel, Berit Karin Ø. Nilssen, Elin Sebjørnsen, Rune Lindgren.	
Forfall:	Tom Irgan	
Møtetid:	09:30-11:30	Møtestad: Stend vidaregåande skule, Gjestestova.

Møteleiar: Helene Systad**Referent:** Berit Karin Ø. Nilssen

A. Mål med skulebesøket

Innleiing ved Systad: Skulebesøket er eit ledd i arbeidet for å sikre kvalitet, med formål om at skoleeier kan gi støtte gjennom god dialog. Alle ledd/nivå har ansvar for å utarbeide tilstandsrapportar, dette er utgangspunktet for den verksemdsbaserte vurderinga.

Kort presentasjon av forma på og innhaldet i skulebesøket, som er delt i to delar.

B. Tilstandsvurdering 2016/17

- Kva fortel skulen sine resultat så langt i skuleåret? Innleiing v/skulen.

Rektor legg fram presentasjon av skulen, sjå vedlegg.

- Elevtalsutvikling, frå jordbrukskule til ein moderne vidaregåande skule.
- Fordeling av elevar på utdanningsprogram. På grunn av stort mangfald skal avdelingsleiarane presentere sine avdelingar.
- Kvalitet i opplæringa, skulebidragsindikatorar. Dårlige resultat i norsk hovudmål førte til endringar i organiseringa av undervisninga. Dette har gitt gode resultat.
- Tilstandsrapport, med oppdaterte tal frå 1. termin i inneverande år. Skifte frå PULS til Hjertet og hjernen har ført til endringar i korleis tala blir rekna ut, dette gjer det litt vanskeleg å samanlikne. Det blir understreka kor viktig det er at det kjem tydeleg fram om elevar i tilrettelagte grupper tel med i fullført og bestått.
- Elevundersøkinga. Svak negativ tendens. Vurdering for læring er eit svakt punkt, spørsmål om dette har samband med tida vi har brukt for å forklare omgrep for elevane.
- Sjukefråvær. Skulen er nøgd med nivået som det no ligg på.
- Medarbeidarundersøking MU16.

Avdelingsleiar HTH, Reidun Moe:

- HTH: 22 elevar i år, truleg blir det 27 elevar neste skuleår.
- I opplæringa blir det lagt vekt på:
 - o Eit humanistisk menneskesyn, salutogenese og empowerment.
 - o Utgangspunktet er elevane sine ressursar.
 - o Deltaking og medverking.
 - o Partnerskap og likeverd.

Avdelinga legg vekt på kommunikasjon, og har dette som fokusområde i sitt utviklingsarbeid. Aktiv opplæring av tilsette i bruk av ulike verktyg på dette feltet. Som del

av utviklingsarbeidet har dei faggrupper som spesialiserer seg, og formidler det dei lærar og erfarar, vidare til dei andre tilsette.

Har tilsynsordning (TIV) til kl. 16:00 kvar dag, og i skuleferier.

Musikkterapi som pedagogisk metode.

Arbeider med profesjonalitet og tverrfaglegheit.

Fokus på oppgåver som førebur dei til kvardagsliv i vaksen alder, dagsenter og eventuelt vekstbedrift.

Opplæringsmål: dagsenter eller VTA, kompetansebevis.

Spørsmål: Kva er avdelingsleiar mest nøgd med?

- Bruk av garden, og dei mange moglegheiter den gir for mestring og læring.
- Kunnskapsnivå og kompetanse hos dei tilsette. Vilje til læring og utvikling.
- Eit rikt fagleg miljø og samarbeid.

Reidun Moe presenterte HT/HTA, etter avtale med Tom Irgan:

- Utviklingsområde: Utvikling av lærarrollen; pedagogisk kompetanse og tverrfagligheit.
- Mål: Å bli leiande innan pedagogisk arbeid med sosiale dugleiker.
- Middel: praktisk læring gjennom produksjonsrettet arbeid innan NA og SS.
- Har konsekvenspedagogikk som pedagogisk plattform.
 - o Opplæring av tilsette, eksternt og internt.
 - o Pedagogiske samtalar. Rettleiing.
 - o Didaktisk struktur.
 - o Lærande organisasjon.
- Trinmodell:
 - o Elevane må gjere seg kvalifisert for neste trinn.
 - o Rettleiing.
 - o Eventuelt byte av opplæringsgruppe, eller mål.
 - o Fokus på å gjere elevane førebudd på krava i arbeidslivet.
 - o Utplassering i bedrift i fleire trinn.
 - o Samarbeid med aktuelle bedrifter.
- Til neste år: HT: 43 elevar. HTA: 16 elevar. Individuelle; blir avklart i april.

Avdelingsleiar service og samferdsel, Lisbeth Norendal:

- Læringsarenaer på Stend: gardsbutikk og lager.
 - o Lageret skal byggjast opp som eit sentrallager i samarbeid med ei HT-gruppe.
- Elevtalet er litt lågare enn det som var planlagt.
- Tre lærarar flytta med utdanningsprogrammet frå NGV, ein lærar og avdelingsleiar frå Fana gymnas.
- Elevundersøkinga:
 - o Grunnlag for arbeid med klassemiljøet, spesielt i vg1. Eit systematisk arbeid er starta.
 - o Behov for styrking av lærarressursar, er komen på plass i løpet av vinteren.
 - o Det har i vg2 vore motstand mot å flytte frå NGV til Stend. Låg motivasjon blant elevane.
- God tilgang på læreplasser. Det bør vere stort potensiale for å motivere elevane med tanke på moglegheiter i arbeidslivet.
- Mål: vi er offensive og skal bli attraktive.

- Bruke Stend sine læringsarenaer til å tilpasse læreplanane til praktisk opplæring. God støtte frå resten av skulen.
- Arbeid med rekruttering. Samarbeid med andre skuler. Marknadsføring. Informasjon til ungdomsskulane.

Avdelingsleiar naturbruk, Torbjørn Littre:

- Avdelinga har eit stort mangfald i opplæringstilboda.
- Har arbeidd mykje med å tilpasse tilboda til eit bynært naturbruk.
- Interessen for dyr, friluftsliv eller anleggsgartner er utgangspunktet.
- Anleggsgartner har tilbod om læreplassar, dei andre manglar ein yrkesretta veg vidare, mange går vidare til påbygg.
- Rekrutterer frå eit stort geografisk område.
- Stort spenn i karaktergrunnlag, alle kjem inn.
 - Spørsmål rundt korleis vi kan handtere elevar der det er spørsmål om dei er tatt inn på riktig grunnlag, kor fleksible vi kan vere ved å prøve ut anna organisering.
- Elevundersøkinga, stor variasjon mellom klassar.
 - Spørsmål om fråværsregelen har påverka resultatane til elevgruppa som slit med fråvær pga. psykisk helse. Skulen ser at regelen ikkje hjelper denne gruppa til å vere meir på skulen, men har heller ikkje konkludert med om den gjer det verre.
 - Utfordringar: læringskultur og vurdering for læring.
 - Elevtenesta er bygd ut for å møte dei behova som vi ser i elevgruppa, og for å sikre at lærarane kan prioritere gjennomføring av undervisning. I tillegg er det satt inn ekstra lærarressursar.
- Vidare veg og utfordringar, satsingsområder:
 - Tidleg innsats.
 - Samarbeid om bruk av læringsarenaer.
 - Fellesfagsprosjekt. Tverrfagleg og yrkesretta fokus.
 - Møtestruktur, innhald og gjennomføring.

Avdelingsleiar idrettsfag, Rune Lindgren:

- Mål: «Norges beste idrettslinje». Nokon kan seie det er eit hårete mål, men det er reelt. God kompetanse, andre skuler er interessert i korleis det blir gjort på Stend.
- Høy fullføring. Dei som sluttar, gjer det for å skifte skule. Ikkje bestått er som regel på grunn av stryk til eksamen. Mange har gode resultat i idretten sin, men skulen legg stor vekt på gjennomføring av fellesfaga, for dei fleste er det det som vil vere viktig i tida etter vidaregåande.
- Vekst i elevtal i heile perioden etter oppstart. Skulen har eit ønske om å ha tre parallelar. Redd for at ei grense på to klasser, vil føre til lågare søkjartal, og ei sterkare konkurranse frå dei private skulane,
- Ved vekst treng skulen på sikt, større kapasitet på læringsarenaer.
- Vekst fører og til større mangfald i elevgruppen, som kan vere ei større risiko for feilval.
- Avdelinga har og vokst med tanke på talet på tilsette. Dette gir auka kompetanse, og fleksibilitet.
- Elevundersøkelsen: jamt over gode resultat, nokre utfordringar i enkeltklasser. Utfordringar med uro i vg1. Jamt over høg trivsel.
- Fokus på kulturen, kva det betyr å gå på Stend Idrettsfag.

Utfordringar og vidare veg:

- Den faser avdelinga er i no inneber vurdering av organisering og korleis ein skal vidareutvikle kvaliteten i tilbodet.
- Fokus på å halde trykket og motivasjonen oppe, gjennom strukturert arbeid.

- Fellesfagsprosjekt.

Spørsmål til elevane:

Har vurdering vore tema i elevrådet? Nei, det har ikkje vore meldt inn saker om dette.

Oppfølging av elevundersøkelsen? Elevundersøkelsen har vore presentert i klassene, men det har ikkje vore presentert i elevrådet. Trivsel har vore eit fokusområde, med mål om å jamne ut skilnader mellom dei ulike utdanningsprogramma.

Elevrådssytret er involvert i arbeidet med skulen sine planar gjennom skulemiljøutvalet.

- Vidare prosessar fram mot tilstandsrapporten 2016/17

Gjennomgang av resultatane frå Elevundersøkelsen, og kva skulen skal ha fokus på i utviklingsplanen, vil bli drøfta i skulemiljøutvalet framover våren.

Leiargruppa har starta eit arbeid for å sjå på organisering av skulen, herunder forankring av utviklingsarbeid.

C. Utviklingsarbeid

Korleis svarar utviklingsplanen på skulen sine utfordringar?

Sjå presentasjon frå den enkelte avdeling.

D. Oppsummering

Spørsmål til elevane:

Kva er det viktigaste leiargruppa bør arbeide med for at elevane på Stend skal lære meir?

- Trivsel og motivasjon.
- Korleis skulen henter inn fagstoff – bruk av læringsressursar.

Oppfordring til elevrådet; gå inn i styringsdokumentet og arbeid vidare med resultat frå elevundersøkelsen.

Spørsmål til dei tillitsvalte:

Kva er det viktigaste leiargruppa bør arbeide med for at elevane på Stend skal lære meir?

- Nyttig med fokus på fellesfag, tverrfaglegheit og yrkesretting. Praktisk relevans styrker opplæringa.
- Behov for synleggjering av det arbeidet som skjer i klasserommet. Fellesfagsprosjektet må inn i ein meir strukturert ramme.
- Fokus på betydninga av å lære å lære.
- At dei som arbeider med elevane skal vere pedagogar.
- Overføre meistring på eit felt til eit anna.
- Utnytte og utvikle attraktive læringsarenaer for å skape motivasjon.
- Bygge relasjonar mellom lærar og elev – bygge laget. Bruk av lærartid er eit tema som blir diskutert, med tanke på korleis vi skal handtere den digitale røynda og krav i ungdomskulturen. Skal lærar vere tilgjengeleg heile døgnet? Det er ulike oppfatningar om dette i kollegiet.

Er styringsdokumentet drøfta i klubbene?

- I liten grad direkte, men dei tar det med i arbeidet med fellesfagsprosjektet og i anna utviklingsarbeid.

Godkjent av:

Rektor:

Regionleiar: